



# Reglement

for fylkestinget i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhald

I	Heimelsgrunnlag .....	3
II	Førebuing av saker til fylkestinget .....	3
III	Møte – innkalling – kunngjering – saksdokument .....	3
IV	Opne eller lukka møte – teieplikt .....	4
V	Møteplikt – vedtaksførheit – inhabilitet .....	4
VI	Kven som kan ta del i møtet utanom fylkestinget sine medlemer.....	5
VII	Møtestyrar – opning av møtet .....	5
VIII	Behandling av saker – endring av saklista .....	6
IX	Møteleiaren si utgreiing om saka – rekkjefølgja av talarar .....	6
X	Ordskiftet – møteiar si stilling under ordskiftet – avgrensing og avslutning av ordskiftet .....	6
XI	Framlegg .....	7
XII	Saka blir teke opp til røysting – prøverøysting .....	7
XIII	Røystemåttane .....	8
XIV	Spørsmål og interpellasjonar .....	8
XV	Sendenemnder (deputasjonar) – Orden i møtesalen.....	9
XVII	Føring av møtebok – møtet si avslutting .....	9
XVIII	Oppmoding om ny behandling av ei avgjort sak .....	9

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018 § 5-13  
Vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal: sak T-65/19 (14. - 16. oktober 2019) og  
sak T-77/20 (13. oktober 2020).

## **I HEIMELSGRUNNLAG**

**§ 1** Fylkestinget er det øvste fylkeskommunale organet, jf. § 5-3 i Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22.06.2018. Det gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak, jf. reglementa for fylkesutvalet og hovudutvala.

Fylkestinget skal ha 47 medlemer.

Fylkestinget har som regionale utviklingsaktør ansvar for å fastsetja overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen. Fylkestinget har det overordna tilsynet med og ansvaret for at den fylkeskommunale verksemda er effektiv og tenleg for innbyggjarane i fylket. Fylkestinget skal vurdere om dei fastsette måla er innfridde.

## **II FØREBUING AV SAKER TIL FYLKESTINGET**

**§ 2** Fylkeskommunedirektøren syter for at dei sakene som skal leggjast fram for fylkestinget er forsvarleg førebudd og i samsvar med dei føresegner som lov, reglement og andre bindande instruksar gjev.

**§ 3** Fylkesutvalet behandlar fylkestingssakene og gjer framlegg til vedtak i sakene der ikkje anna er fastsett.

Fylkesutvalet si behandling av fylkestingssakene skal som hovudregel skje samla i eit fylkesutvalsmøte seinast 2 veker før fylkestingsmøtet.

## **III MØTE - INNKALLING - KUNNGJERING - SAKSDOKUMENT**

**§ 4** Fylkestinget gjer vedtaka sine i møte. Fylkesutvalet fastset tid og stad for samlinga dersom fylkestinget ikkje sjølv har gjort det. Som hovudregel skal det fastsetjast møteplan for eitt år om gongen. Fylkestinget held elles møte når fylkesordføraren finn det nødvendig eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan fylkestinget ta avgjerd ved

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av fylkesordføraren i kvart einskild høve.

**§ 5** Fylkesordføraren syter for kunngjering av fylkestinget si samling jf. kommunelova § 11-3.

**§ 6** Møteinnkalling med sakliste, saksdokument og tilråding skal sendast fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer minst 8 dagar før samlinga.

Fylkesutvalet si tilråding til økonomiplan og årsbudsjett med dei framlegg til vedtak som ligg føre, skal leggjast ut til allment ettersyn minst 14 dagar før saka skal behandlast av fylkestinget.

Møteinnkallinga og saksdokument blir samstundes lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider. Dette gjeld likevel ikkje dokument som etter Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd ikkje skal offentleggjerast.

#### **IV OPNE ELLER LUKKA MØTE - TEIEPLIKT**

**§ 7** Fylkestinget sine møte blir haldne for opne dører, jf. kommunelova § 11-5.

Møtet skal etter kommunelova § 11-5 andre ledd lukkast når ei sak inneheld opplysningar som tilseier lovpålagt teieplikt. Teieplikta gjeld alle som er til stades i møtet, både folkevalde, offentlege tenestemenn og andre. Lovpålagt teieplikt kan berre falle bort dersom den som har krav på teieplikt, samtykker eller det er fastsett i lov.

Fylkestinget skal praktisere meiroffentlegheit, men kan etter kommunelova § 11-5 tredje ledd lukke møtet når tungtvegande offentlege interessert tilseier det eller når personvernomsyn krev det.

Vedtak i saker som er behandla for lukka dører er likevel offentlege når vedtaket ikkje inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt.

#### **V MØTEPLIKT - VEDTAKSFØRHEIT - INHABILITET**

**§ 8** Fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer som blir innkalla pliktar å møte med mindre dei har gyldig forfall, jf. kommunelova § 8-1.

Ein medlem eller innkalla varamedlem som av lovleg grunn ikkje kan møte i fylkestinget, skal utan opphald skriftleg melde frå til fylkesordføraren og gje opplysning om forfallsgrunnen. Fylkesordføraren kallar straks inn varamedlem etter reglane i kommunelova § 7-10 første ledd. Det same gjer fylkesordføraren når han/ho er kjend med at nokon må gå i frå som ugild i sak som skal behandlast av tinget.

Medlemene har sjølve ansvar for å melde frå til fylkesordføraren på førehand dersom det ligg føre forhold som kan medføre inhabilitet. Dette av omsyn til innkalling av varamedlem ved eventuell inhabilitet. Fylkestinget avgjer habilitetsspørsmålet etter reglane i forvaltningslova § 8.

Må nokon av lovleg grunn gå frå møtet under drøftingane, melder han/ho straks frå til møteiar. Varamedlem som er til stades, eller som eventuelt blir innkalla,

tek sete. Nye representantar og representantar som har vore ute av møtesalen, må vente med å ta sete til voteringa i saka er avslutta dersom dei kjem til etter at ei sak er teke opp til votering.

Har ein varamedlem lovleg tatt sete i fylkestinget, skal han/ho vere med å ferdigbehandle påbegynt sak, sjølv om representanten han/ho møter for, eller ein varamedlem som står lenger framme i nummerorden, likevel kjem.

- § 9** Fylkestinget kan berre gjere vedtak når minst halvparten av medlemene har vore til stades under behandlinga og har røysta i vedkomande sak. I konstituerande møte i fylkestinget må minst 2/3 av medlemene vere til stades.
- § 10** Den som er inhabil i ei sak etter kommunelova § 11-10, jf. forvaltningslova kap. 2, eller som etter § 11-11 blir fritaken, skal ikkje vere med på å drøfte eller avgjere saka.

## **VI KVEN SOM KAN TA DEL I MØTET UTANOM FYLKESTINGET SINE MEDLEMER**

- § 11** Fylkeskommunedirektøren har møte- og talerett i fylkestinget.

Fylkeskommunedirektøren kan la ein tilsett utøve denne retten på sine vegne.

Andre kan ta del i møtet når særskild lovføresegn gjev dei rett til det og da med dei rettar og plikter vedkomande lov gjev.

Fylkestinget kan kalle inn annan fagekspertise eller interessegrupper til å orientere om saker fylkestinget skal behandle.

Fylkesordføraren kan etter førespurnad gje utsending frå rådgivande utval talerett i enkeltsaker.

## **VII MØTESTYRAR - OPNING AV MØTET**

- § 12** Fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren leiår møtet. Har begge forfall, skal det ved fleirtalsval veljast særskilt møteleiår jf. kommunelova § 11-2.
- § 13** Ved opninga av møtet skal det haldast namneopprop. Forfallsmeldingane skal leggjast fram for fylkestinget til godkjenning. Er det minste lovlege tal til stades, jf. kommunelova § 11-9, erklærer møteleiår at møtet er sett.

Medlemer og varamedlemer som møter etter oppropet, melder seg for møteleiår før dei tek sete.

Frå møtet er sett til møtet er slutt kan ikkje nokon av medlemene gå frå møtesalen for kortare eller lengre tid utan godkjenning frå møteleiår.

**VIII  
BEHANDLING AV SAKER – ENDRING AV  
SAKLISTA**

- § 14** Sakene skal behandlast i den rekkjefølgje som følgjer av innkallinga og den oppsette saklista. Fylkestinget kan vedta anna rekkjefølgje.
- § 15** Er ei sak teken opp til behandling, kan møtet ikkje avsluttast før saka er avgjort ved avrøysting, eller fylkestinget vedtek å utsetje behandlinga av saka.
- § 16** På samling i fylkestinget kan óg saker som ikkje er nemnde i innkallinga takast opp til behandling når ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande sett seg imot det, jf. kommunelova § 11-3.

Saker som står på saklista, men der saksdokumenta ikkje har vore sendt ut saman med innkallinga, kan likevel avgjerast i møtet når ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande sett seg imot det.

Dersom ein fylkestingsrepresentant vil at fylkeskommunedirektøren skal utabeide ein uttale om eit tema, skal dette meldast til fylkesordføraren minst ei veke før fylkestingssamlinga.

Saker som blir sett opp på sakslista etter § 17, første ledd, skal vere forsvarleg utgreidd før vedtak blir fatta.

**IX  
MØTELEIAREN SI UTGREIING OM SAKA  
- REKKJEFØLGJA AV TALARAR**

- § 17** Møteleiaren les opp nummer og tittel på saka. Er det gjeve tilråding i saka, les han/ho og opp forslaget til vedtak dersom fylkestinget finn det naudsynt. Han/ho gjer merksam på mogleg dissens og gjer greie for saka så langt han/ho finn det påkravd.

Talarane får elles ordet i den rekkjefølgje dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiar rekkjefølgja mellom dei.

Møteleiar kan tillate replikkordskifte direkte etter eit innlegg, og fastset tidsavgrensingar for replikkordskiftet.

**X  
ORDSKIFTET  
MØTELEIAR SI STILLING UNDER ORDSKIFTET  
AVGRENSING OG AVSLUTTING AV ORDSKIFTET**

- § 18** Talaren skal rette orda sine til møteleiaren, ikkje til møtelyden eller til nokon einskildperson. Talaren skal halde seg nøye til saka eller den delen av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at det blir gjort.

Det må ikkje seiast noko som krenkar møtelyden, nokon av medlemene eller andre. Heller ikkje må nokon lage uro som teikn på misnøye eller støtte.

Bryt nokon ordensføresegnene i reglementet, skal møteleiaren påtale dette. Rettar talaren seg ikkje etter reglementet, kan møteleiaren ta ordet frå vedkomande eller la møtelyden røyste over spørsmålet om vedkomande skal stengjast ute frå resten av møtet.

**§ 19** Møteleiaren må ikkje avbryte nokon som har ordet utan at det er nødvendig av omsyn til ordensreglane eller for å avklare misforståingar frå talaren si side.

Vil møteleiaren, utanom den utgreiinga som er nemnt i § 18 første ledd, ta del i ordskiftet med meir enn korte innlegg, skal han/ho overlata møteleiinga til ein annan, jf. § 12.

**§ 20** Før eller etter at ordskiftet har teke til i ei sak, kan fylkestinget gjere vedtak om at taletida skal avgrensast.

Meiner fylkestinget at ei sak er tilstrekkeleg drøfta, kan møtelyden med vanleg fleirtal vedta å avslutte ordskiftet om saka.

## **XI FRAMLEGG**

**§ 21** Framlegg kan berre fremmast av møtande medlemmer og varamedlemmer i fylkestinget, dersom ikkje særlege lovføresegner gjev andre rett til å gjere framlegg.

Framlegget skal vere skriftleg og sendast inn elektronisk til fylkeskommunedirektøren ved utvalssekretariatet.

Framlegget kan vere munnleg dersom det går ut på at nokon skal veljast eller tilsetjast, eller at saka som er under førehaving skal utsetjast, sendast attende til fylkesutvalet eller anna fylkeskommunalt organ, eller dersom det går ut på at eit framlegg ikkje skal vedtakast.

Det må gå fram av framlegget kven som er forslagstillar(ar). Møteleiaren refererer framlegget.

Dersom ein fylkestingsrepresentant ikkje ønskjer at framlegget skal realitetsbehandlast av fylkestinget, kan dette leggjast fram som eit oversendingsframlegg. Framlegget blir da sendt over til fylkesutvalet for vurdering. Fylkesutvalet bestemmer kva som skal skje med saka.

## **XII SAKA BLIR TEKEN OPP TIL RØYSTING PRØVERØYSTING**

**§ 22** Når ordskiftet er slutt, opplyser møteleiaren at saka er teken opp til røysting. Frå da og til røysting er fullført, må det ikkje vere meir ordskifte om saka eller kome nye framlegg. Heller ikkje er det høve til å ta opp noko anna sak i denne tida.

Rett til å røyste har berre dei fylkestingsmedlemene som er til stades i salen på det tidspunkt saka blir teken opp til røysting. Dei kan ikkje gå frå møtesalen før røystinga er slutt, og det er plikt til å røyste. Ved val og tilsetjingar kan det røystast blankt, jf. kommunelova § 8-1.

Er saka delt opp eller skal det røystast over fleire framlegg, gjer møteleiaren framlegg om rekkjefølgja for røystingane. Blir det ordskifte om dette, skal møteleiaren sjå nøye til at talarane berre held seg til røystingsspørsmålet.

**§ 23** Før endeleg røysting kan møtelyden halde prøverøystingar, som ikkje er bindande.

Er tilrådinga eller framlegget det skal røystast over delt i fleire postar, kapittel eller paragrafar, bør det til vanleg røystast førebels over kvar einskild post, kapittel eller paragraf, og til slutt, etter at det eventuelt har vore prøverøysting, blir heile tilrådinga eller framlegget teken opp til endeleg røysting.

### **XIII RØYSTEMÅTANE**

**§ 24** Røysting skal gjerast på ein av desse måtane:

- a) Stillteiande godkjenning, når ingen protesterer mot eit framlegg som møteleiaren sett fram med spørsmål om nokon har innvending å gjere imot det.
- b) Møteleiaren ber dei som er mot eit framlegg reise seg eller rekkje opp handa. Når møteleiaren fastset det eller ein annan i møtelyden krev det, skal det haldast kontravotering.

Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal om ikkje anna følgjer av kommunelova (jfr. kommunelova § 10-1). Står røystene likt etter røysting i samsvar med pkt. a, b eller c, gjer møteleiaren si røyst utslaget. Ved val og tilsetjingar gjeld reglane i kommunelova § 8-1.

Votering over økonomiplan og årsbudsjett skjer etter reglane i kommunelova § 11-9.

### **XIV SPØRSMÅL OG INTERPELLASJONAR**

Kvar møtande fylkestingsmedlem kan rette førespurnader til fylkesordføraren om saker som ikkje er nemnde i innkallinga. Medlemen avgjer sjølv om førespurnaden skal stillast i form av ein interpellasjon eller eit spørsmål. For desse gjeld:

**§ 25** **Interpellasjonar** må meldast skriftleg og vere komne fram til fylkesordføraren seinast 14 dagar før fylkestingsamlinga tek til.

Interpellasjonar skal setjast opp på saklista under eigne saksnummer med høve for fylkestinget sine medlemmer og andre til å ta del i ordskiftet på vanleg måte under tingsamlinga.



Framlegg som blir sette fram i samband med ordskiftet, kan fylkestinget ta opp til behandling.

- § 26 Spørsmål** til fylkesordføraren må innleverast skriftleg, seinast 7 dagar før fylkestingssamlinga tek til, og blir sett på saklista.

Det skal ikkje vere ordskifte i tilknytning til spørsmålet. Fylkesordføraren skal gje eit kort svar. Spørjaren har høve til å stille eit tilleggsspørsmål om saka.

Skal saka bli tatt opp til realitetsbehandling, må framgangsmåten for oppføring av ny sak på saklista bli følgd, jf. kap VIII.

## **XV SENDENEMNDER (DEPUTASJONAR) ORDEN I MØTESALEN**

- § 27** Når utsendingar frå organisasjonar eller grupper vil møte for fylkestinget og gje fråsegn i ei sak, skal dei sende melding om dette til fylkesordføraren seinast dagen før møtet.

Fylkesordføraren avgjer i samråd med gruppeleiarane for dei ulike partia korleis organisasjonane eller gruppene skal takast imot.

- § 28** Møteleiararen skal syte for å oppretthalde god orden i møtesalen. Han/ho skal såleis sjå til at talarane ikkje blir avbrotne eller uroa. Dersom tilhøyrarane ved meningsytring eller på anna vis uroar drøftingane eller syner ei åtferd i strid med god orden, kan møteleiararen vise bort vedkomande tilhøyrarar eller samtlege tilhøyrarar.

Teikningar, tabellar eller liknande må ikkje setjast opp i salen under møta dersom møteleiararen eller fylkestinget ikkje har godkjent dette.

## **XVII FØRING AV MØTEBOK - MØTET SI AVSLUTTING**

- § 29** Det skal førast møtebok over forhandlingane i fylkestinget i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jf. kommunelova § 11-4.

Det skal veljast to medlemmer som saman med møteleiararen godkjenner møteboka på vegner av fylkestinget.

## **XVIII OPPMODING OM NY BEHANDLING AV EI AVGJORT SAK**

- § 30** Fylkesutvalet - eller kontrollutvalet for dei sakene som ligg under dette utvalet - kan avslå eit framlegg eller ein søknad om å ta ei sak opp til ny førehaving i fylkestinget når saka er lovleg avgjort av fylkestinget i same valperioden og saka blir teken opp på nytt før det er gått seks månader frå den dagen fylkestinget gjorde endeleg vedtak i saka. Dette gjeld likevel ikkje når det er eit departement som ber om at saka blir teken opp att.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

**Postadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00**Mail:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)**Web:** [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

Møre og Romsdal  
fylkeskommune